

REFERAT FRÅ FAU-MØTET 6. SEPT. 2017

Desse møtte: Lars Øystein Bakka, Greta B. Anderson, Oddny Endresen, Anita Vikingstad, Vidar Austarå og einingsleiar Kristine Bøe Berge

Konstituering:

Leiar- Anita Vikingstad (repr. for småtrinnet)

Nestleiar- Aud Nora Kalbekkdalen (repr for ungdomstrinnet)

Kasserar- Lars Øystein Bakka (repr for småtrinnet)

Skrivar- Oddny Endresen (repr for mellomtrinnet)

Styremedlemmar -

Greta Andersson (repr for mellomtrinnet),

Vidar Austarå (repr for ungdomstrinnet)

Vara:

Småtrinnet - Kjell Arne Havrevoll

Mellomtrinnet - Kjersti E. Tveit

Ungdomstrinnet - Erik Jordebrekk

Kommunalt FAU

Leiar og nestleiar møter og i kommunalt FAU, jf. Vedtektene for FAU. Neste møte i KFAU er satt til 18. september på Sand.

Økonomisk situasjon til FAU

Fekk inn 1970,- på juleavslutninga 2016

Har spandert tre lunsjar på elevane forrige skuleår

FAU har betalt KINball til elevane på skulen, 1975 kroner

Har ca. 1200 kroner att nå.

Spanderer dette skuleåret ein lunsj før jul og ein etter jul. Lunsjen etter jul må vurderast etter korleis økonomien til FAU ser ut etter juleavslutninga. Leiar FAU sjekkar og om det er midlar ein kan søkje om for å gjennomføre tiltak som kan bidra til god trivsel blant elevane, og sikre eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Trafikktryggleiksplan-innspele

Me går gjennom innspela som er komne inn, innspela ligg som vedlegg

Planen skal godkjennast i SU, antakeleg før haustferien.

Juleavslutning

Juleavslutninga er i år satt til å vere 19. desember.

Denne er blitt diskutert på skulen, blant lærarane, om korleis det skal gjerast. Ein ser føre seg eit stort julespel ca. kvart 3. år, der alle elevane er med.

Einingsleiar vil og involvere barnehagen meir i juleavslutninga. Skulen føreslår i år å ha fakkeltog etter gudstenesta, med nissetog/nisse i hest og kjerre, og at ein deretter har ein julekonsert der elevane opptrer. Ein tenker også å kanskje invitere kulturskulen, andre i bygda til å bidra.

FAU sender inn ein søknad til Grendautvalet og søkjer om midlar til å gjennomføre nye element i juleavslutninga.

Ymse

Litt info frå einingsleiar:

- Stabilt på skulen no, det er folk i alle stillingar.
- Etter nyttår skal Anne Marie jobba i 20% på skulen, ho skal ha resten fri for å gå på skule sjølv.
- Ein lærar skal ut i svangerskapspermisjon etter nyttår.
- Det er ikkje direkte innkjøpsstopp på skulen, men ein har stramma inn pengebruken.

Neste møte i **FAU** er rett før juleavslutninga, **27.nov. kl.18.00**